

UTESKULE & TEMAVERKSTAD

08/09

SMÅSKULESTEGET

Her kjem litt informasjon om korleis vi driv med temaverkstad og uteskule på 1.-3.årstrinn på skulen vår. Som regel er det temaverkstad i oddetalsvekene og uteskule i partalsvekene.



TEMAVERKSTADEN

Temaverkstaden tek utgangspunkt i eit tema som det vert innleidd om i starten i fellesgruppe (1.-3.årstrinn). Deretter arbeider elevane i mindre grupper med dagens tema i ulike materiale. Det blir arbeid med m.a. klossar, stoff, papp, plastelina, måling, sand og drama. Deretter blir det presentasjonsøkt der kvar gruppe får vise fram kva dei har laga og fortelje litt om det i samla gruppe. Kvar gruppe har ein gruppeleiar som har hovudansvaret for å presentere det gruppa har gjort. Etter kvar gruppe har vist fram produktet sitt, har ei anna gruppe hovudansvar for å gi respons til gruppa. Siste økta arbeider elevane med verkstadbok der dei skriv og teiknar frå verkstaden. Emna til temaverkstaden er i år henta mest frå læreplanane i norsk, RLE og SaNa i 3. klasse. Det vert også jobba vidare med dei ulike tema på klassenivå.

Målsetting:

- Skape ein annaleis læringsarena, variere undervisninga.
- Trene på å samarbeide med andre.
- Trene på å snakke i stor gruppe og å ha leiaransvar.
- Trene på å gi positiv respons til andre for noko dei har gjort.
- Etterarbeidet med verkstadbok, der elevane skriv og teiknar frå verkstaden, vert nytta som ein del av lese- og skriveopplæringa.

UTESKULEN

Den nye læreplanen legg vekt på at nærmiljøet skal brukast aktivt i opplæringa. Målet vårt med å drive med uteskule er m.a.:

- Å bruke ein alternativ læringsarena til læring
- Gi høve til fysisk aktivitet og sansemotorisk trening
- Bygge fellesopplevingar og trene samhandling
- Lære om naturen og miljøet på heimstaden
- Nytte opplevingane bevisst i lese- og skriveopplæringa



UTSTYR SOM MÅ VERE MED:

- Klede etter været
- Ha gjerne bytekledde på skulen
- Ferdig pakka tursekk med mat, drikke og sitjeunderlag i tillegg til skulesekken!

Veke:	Aktivitet:	Innhald:
34	Temaverkstad	Tema: Eventyr – Dei 3 bukkane bruse
35	Temaverkstad	Tema: Norske Folkeeventyr ”Guten som kappåt med trollet
36	Uteskule	Tema: God helse. Natursti – stasjonar med fysisk aktivitet.
37	Temaverkstad	Tema: RLE bibelhistorie: Josef
38	Uteskule	Tema: Vi studerer blad og lærer namnet på dei vanlegaste lauvtreea.
39	Temaverkstad	Tema: RLE bibelhistorie: Moses
40	Uteskule	Tema: Førebuing til utkleddningsfesten fredag (1.-3. årstrinn arr.)
41	Haustferie	
42	Uteskule	Tema: Matematikkdag, stasjonsleikar
43	Temaverkstad	Tema: Norsk: Norrøn Mytologi Tor og Loke
44	Uteskule	Tema: Sansetrening Vi lærer om sansane våre
45	Temaverkstad	Tema: Utdøyddde dyr: Dinosaurar
46	Uteskule	Tema: Natursti opp Kvernhuselva
47	Temaverkstad	Tema: Titanic
48	Uteskule/ Animasjonsverkstad	Tema: Det blir animasjonsverkstad for nokre av klassene/ Tur til Christerhytta
49	Verkstad	Tema: Bakedag – vi bakar lefser m.m
50	Uteskule	Tema: Akedag på Halsane/fjelltur / Evt: Vi tømmer fuglekassene til ny sesong
51	Temaverkstad	Tema: Juleevangeliet
52	Juleferie	

2	Uteskule	Tema: Tur til "Christerhytta" Vi lagar oljelampar
3	Temaverkstad	Tema: Leiv Erikson
4	Uteskule	Tema: Vinter/skileik
5	Temaverkstad	Tema: Bronsealderen
6	Uteskule	Tema: Båltypar - lage kolstiftar
7	VINTERFERIE	
8	Uteskule	Tema: Tur til minnesteinen til Anton Flem – Lære om skogplantinga
9	Temaverkstad	Tema: Miljøvern - kjeldesortering
10	Uteskule	Tema: Tur til fuglekassene på Halsane Vi ser om det er fuglar der.
11	Temaverkstad	Tema: Leonardo Da Vinci - kjende personar"
12	Uteskule	Tema: Vi studerer livet fjøra
13	Temaverkstad	Tema: Vulkanutbrudd - Pompeii
14	Uteskule	Tema: Tur til Gapahuken på Longva
15	PÅSKEFERIE	
16	Uteskule	Tema: Vege- og lengdedag. Vi øver praktisk i naturen.
17	Temaverkstad	Tema: Gamle tenkjarar: Sokrates
18	Uteskule	Tema: Tur til Geita – Vi studere minnesmerket frå krigen der.
19	Temaverkstad	Tema: Gresk mytologi: Zews
20	Uteskule	Tema: Tur til Støene over Fjellet
21	Skulefri	
22	Uteskule	Tema: Tur i Flemsfjøra – vi studerer dyrelivet.
23	Temaverkstad	Tema: Tema: RLE – Pinse
24	Uteskule	Tema: Tur til Ulla Fyr – vi lærer om fyr.
25	Uteskule	Fjelltur for heile skulen

